



Voss jordbruksskule  
Strandavegen  
5710 SKULESTADMO

Dato: 06.01.2014  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2014/291-11

## Bruk av mellombelse tilsetjingar i HFK

Med bakgrunn i administrasjonsutvalets behandling av meldingssak nr. 15/13, i møte 18. november 2013, ber personaldirektøren om å få kopi av arbeidsavtalene for dei tilsette eininga har tilsett i engasjementstilling (ansattkode E). Vidare ber ein om ei grunngeving på kvifor dei er tilsett i engasjementstilling, og ikkje er tilsett i eit vikariat eller fast stilling. Dei tilsette det gjeld går fram av vedlagte liste.

Kopi av arbeidsavtaler og grunngevinga for at dei er tilsett i engasjement, bes send personaldirektøren **innan 20. januar 2014.**

Bakgrunnen for at ein ber om dette, er at administrasjonsutvalet har bedt om jamleg rapportering av bruken av mellombelse tilsetjingar i Hordaland fylkeskommune, samt ei utgreiing av om dei mellombelse tilsetjingane er i samsvar med arbeidsmiljølova § 14-9 om mellombelse tilsetjingar.

Geir Davidsen  
Personaldirektør

Hanne S. Rundhovde  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg